



Til Sogn og Fjordane vassregionutval

Orientering om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning - Sogn og Fjordane vassregion

Regional plan for vassforvaltning 2016 - 2022 for Sogn og Fjordane vassregion skal oppdaterast. Oppdatert vassforvaltningsplan skal gjelde for perioden 2022 -2027. I samband med regionreforma vert grensene for vassregionane endra. I framlegg til nye vassregionar vert vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane slege saman med verknad frå 1.1.2020. Under følgjer meir informasjon om ny vassregion og planprosessen i 2018 og 2019.

Vi viser og til vårt brev datert 13.03.18 om oppfølging av regional plan for vassforvaltning 2016-2022 og informasjon om oppgåver i 2018.

Nye vassregionar

Klima – og miljødepartementet (KLD) sende 24.10.18 ut eit [utkast til nye vassregionar](#). Her er Sogn og Fjordane vassregion slege saman med Hordaland. I ny vassforskrift som truleg vert gjeldande frå 1.1.2019, vil dagens vassregionar inngå. Nye vassregionar vert vedteke i løpet av 2019 og vil gjelde frå 1.1.2020.

Organisering – fylkeskommunen framleis vassregionstyresmakt

Forslag til revidert vassforskrift var på høyring sist haust. Det var då m.a. føreslege at fylkeskommunen ikkje lenger skulle vere vassregionstyresmakt. [I brev datert 5.7.18 frå KLD](#) er det presisert at endringar i organiseringa vert stilt i ro og at dette skal sjåast i samanheng med nye oppgåver til fylkeskommunen. I melding til Stortinget (Meld.St. 6. 2018-2019) *Nye oppgaver til regioner* (s. 73) er det presisert at vassressursforvaltning ikkje vert overført frå fylkeskommunen til staten. I brev frå KLD datert 5.7.18 er vassregionstyresmaktane bede om å starte arbeidet med å utarbeide høyringsdokument for planprogram og eit dokument om hovudutfordringar i vassregionen (tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål*).

Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2022

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram for planperioden 2016-2022 vart vedteke av 5 Fylkesting i desember 2015 og godkjent av KLD i juli 2016. Tiltak for å betre vassmiljøet skal no vere planlagt eller starta.

Tiltak i tiltaksprogrammet skal vere operative (planlagd/starta) innan utgangen av 2018 jf. vassforskrifta § 25. Alle sektorstyresmaktar har dei siste månadane rapportert status for gjennomføring av tiltak. Vi ber om sektorstyresmaktar som ikkje er ferdig med dette arbeidet, fullfører dette omgåande. Status for gjennomføring av tiltak vert rapportert av Miljødirektoratet til ESA innan utgongen av 2018.

Det vert no utarbeidd eit utkast til handlingsprogram for perioden 2019-2021. Gjeldande handlingsprogram gjeld for 2016-2018.

Regional plan for vassforvaltning 2022 – 2027

Tida er no inne for å starte arbeidet med å oppdatere regional plan for vassforvaltning for planperioden 2022 -2027. Fylker som har eit vedtak på å slå seg saman er av KLD bedt om å samarbeide om ein felles vassforvaltningsplan. Det betyr at vi vil førebu ein felles vassforvaltningsplan for Hordaland og Sogn og Fjordane 2022-2027.

I planprosessen skal følgjande plandokument oppdaterast og leggast ut på høyring innan 1.4.2019 (KLD har utsett fristen frå 1.1.19 til 1.4.19)

1. Planprogram
2. Hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda (Tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål*)

Følgjande plandokument vert oppdatert og lagd ut på høyring i 2020. Meir informasjon om desse dokumenta kjem seinare.

3. Regional plan for vassforvaltning
4. Tiltaksprogram
5. Handlingsprogram

Miljødirektoratet har utarbeidd utkast til [malar](#) for planprogram og hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda.

Planprogrammet

Planprogrammet vil omtale endringar i planområdet for vassforvaltningsplanen frå 1.1.2020. Sidan vassregionane først vert slege saman frå 1.1.2020, vert det utarbeidd eit planprogram for vassregionen Sogn og Fjordane og eit planprogram for Hordaland med ein av den nye vassregionen.

Dersom ein ønskjer å endre grensene for vassområda bør dette meldast inn som innspel frå vassområdeutvalet ev. kommunane.

Hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda

Dokumentet Hovudutfordringar inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknadar og status for gjennomføring av tiltak. Datagrunnlaget vert henta frå databasen Vann-nett. Det er viktig at alle sektorstyresmaktar inkludert kommunane, kvalitetssikrar datagrunnlaget i Vann-nett innfor sine ansvarsområde. Dersom de har data eller opplysningar som bør inngå i databasane Vann-nett og [Vannmiljø](#), ber vi om at de sender over datagrunnlaget/ nye opplysninga etc. til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kommunane tek kontakt med vassområdekoordinatorane dersom datagrunnlaget i databasane bør endrast/oppdaterast. Fylkesmannen er ansvarleg for å oppdatere Vann-nett og Vannmiljø.

Det skal utarbeidast eigne dokument for kvart vassområde om hovudutfordringar i vassområdet (sjå nedanfor).

Framdriftsplan

Arbeidsutvalet til Sogn og Fjordane vassregionutval har ansvar for å utarbeide framlegg til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen jf. vedtak i møtet i vassregionutvalet 4.10.2017. Utkast til dokument vert vurdert/tilrådd av arbeidsutvalet i januar/februar. 19. Eiga innkalling til dette møtet kjem seinare. Innspel til desse dokumenta må sendast seinast til fylkeskommunen innan 1.1.19. Dokumentet vert lagd ut på 3 månaders høyring frå 1.4.19.

Statlege sektorstyresmaktar vert kalla inn til eit arbeidsmøte i desember 2018. Kunnskapsgrunnlaget i Vann-nett vert vektlagt på møtet. Statlege sektorstyresmaktar må rekne med å bidra innanfor sine ansvarsområde inn i planprosessen og med oppdatering av plandokument. Vi ber sektorstyresmaktar vurdere om dei har nye data/ opplysningar/ kunnskap som bør inkluderast i arbeidet. Vi ber alle sektorstyresmaktar kvalitetssikre datagrunnlaget i Vann-nett (spesielt påverknadsgrad, manglande påverknadsgrad, feil etc.). Innspel til endringar eller nye opplysningar skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ [John Anton Gladsø](#) innan 1.12.2018.

Leiarane av vassområdeutvalet og vassregionutvalet vil møtast på Skei 16.november for orientering og drøfting av arbeidet som skal skje den nærmaste tida.

Det blir halde møte i vassområdeutvala før årsskiftet. I forkant av møta i vassområdeutvala har vassområdekoordinatorane ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget med kommunane (møte i prosjektgruppene eller liknande). Kommunane må kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget innanfor eigne ansvarsområde innan 1.12.18. Vassområdeutvala sender utkast til hovudutfordringar i vassområdet innan 1.1.2019 til fylkeskommunen.

Etter høyringsperioden for planprogram og hovudutfordringar vert det møte i vassregionutvalet dvs. hausten 2019.

Oversikt over aktivitetar og fristar går fram av vedlegg 1. Aktiviteter og fristar kan bli endra på grunnlag av ny vassforskrift.

Til orientering; Nasjonal vassmiljøkonferanse vert halde i Oslo 27. -28. mars 2019.

Med helsing

Endre Høgalmen
assisterande fylkesdirektør for næring og kultur

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Buskerud fylkeskommune Postboks 3563 3007 DRAMMEN
 Oppland fylkeskommune Postboks 988 2626 LILLEHAMMER
 Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE
 Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
 Østfold fylkeskommune Boks 220 1702 SARPSBORG
 Fylkesmannen i Buskerud Postboks 1604 Bedriftssenteret 3007 DRAMMEN
 Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN
 Fylkesmannen i Møre og Romsdal Julsundvegen 9 6404 MOLDE
 Fylkesmannen i Oppland Postboks 987 2619 LILLEHAMMER
 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
 Fiskeridirektoratet Region vest Gate 1 108 6700 MÅLØY
 Kystverket Vest Postboks 1502 5523 HAUGESUND
 Mattilsynet Sør og Vest Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL
 Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE
 Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
 Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
 Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL
 Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
 Lom kommune Midtgard 2686 LOM
 Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
 Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
 Skjåk kommune 2690 SKJÅK
 Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
 Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
 Vaksdal kommune Konsul Jepsens gate 16 5722 DALEKVAM
 Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
 Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
 Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
 Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
 Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
 Ål kommune Torge 1 3570 ÅL
 NVE Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO

Kopi til:

BaneNOR Postboks 4350 Bedriftssenteret 2308 HAMAR
 Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7010 TRONDHEIM

Vedlegg 1 Oversikt over aktiviteter

Aktivitet	Kven	Tidsperiode/frist
Møte – Hovudutfordringar i vassområda	Vassområdeutvala i Sogn og Fjordane	Desember 2018
Arbeidsmøte om datagrunnlaget i Vann-nett m.m.	Statlege sektorstyresmaktar	Desember 2018
Kvalitetssikring av datagrunnlaget i Vann-nett og Vannmiljø	Statlege sektorstyresmaktar Kommunane	Innan 1.12.18
Utkast til Hovudutfordringar i vassområde X sendast til fylkeskommunen (eit dokument pr. vassområde)	Vassområdeutvala	Innan 1.1.19
Innspel til <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen 	alle	Innan 1.1.19
Utarbeide forslag til planprogram og hovudutfordringar etter innspel frå sektorstyresmaktar og regional referansegruppe	Fylkeskommunen/ vassregionstyresmakt	Haust- 18 – jan. 19
Tilslutning til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen	Arbeidsutvalet til vassregionutvalet	Jan/feb. 19
Vedtak om utlegging av høyringsdokument <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda 	Fylkesutval	(feb/mars) Sogn og Fjordane 5. mars 2019
Høyring av <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda 	alle	1.4.19 – 30.06.19
Høringsmøte/ Scenariokonferanse	alle	April/mai 2019
Oppsummering av høyringsuttaler til planprogram og hovudutfordringar, ferdigstilling av dokument		Haust 2019
Forankring i vassregionutvalet av: <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda 	Vassregionutvalet	Ca. okt. 2019
Vedtak av: <ul style="list-style-type: none"> - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda 	Fylkesutval	Nov/ des 2019
Utarbeide forslag til Regional plan for vassforvaltning, tiltaksprogram og handlingsprogram	Fylkeskommunen/ vassregionstyresmakt i samarbeid med vassregionutvalet	Haust 2019 – 1.7. 2020